

Vekeplan for 7. trinn



Veke 45

	Måndag 3.november	Tysdag 4.november	Onsdag 5.november	Torsdag 6.november	Fredag 7.november
08.15-09.45	A: Norsk/engelsk B: Norsk C: Norsk		A: Norsk B: Norsk/engelsk C: Norsk/matte	A: K&H B: K&H C: K&H	A: Norsk B: Norsk/KRLE C: Norsk/matte
10.00-11.15	A: Matte B: Matte C: Engelsk	ENGLISH DAY 	A: Matte B: Norsk C: Engelsk	A: Norsk B: Matte C: KRØ	A: Matte B: Norsk C: Musikk
11.45-12.45	A: Naturfag/Studie B: Samfunn/Studie C: Samfunn		A: Samfunn B: Samfunn C: Samfunn	A: FYSAK B: FYSAK C: FYSAK	A: KRLE B: Musikk C: Norsk
12.55-13.55	A: Samfunn B: Naturfag C: Studie og KRLE		A: KRLE B: KRLE C: KRLE	A: Musikk B: KRØ C: Naturfag	

Heimearbeid veke 45

Til tysdag Matte: Jobb 20 minutt på Multi Smart Øving.

KRLE: Finn 6 fakta på nett om *Islam*. Skriv ned setningane på iPad.

Til onsdag 7A og 7B Engelsk: Gjer worksheet- Some or any and verbsheet.

Øv på verba:

To choose - chose - chosen. To buy - bought - bought. To catch - caught - caught

Svar på dei 4 fyrste spørsmåla i leseforståing veke 44 på Showbie. Hugs å svara med heile setningar!

Naturfag:

Les dei 3 sidene og svar på spørsmåla som ligg ute på Showbie («Døgn, årstid og månefasar» - «lekse til onsdag veke 45»). Hugs å svare på spørsmåla med heile setningar og skrive direkte inn i Showbie.

Til torsdag Norsk: Gjer oppgåve 55 på sida «Komma 2» i Agora Øvebok på Showbie. Ligg i eiga mappe under Norsk i klassen din. Skriv alle 5 setningane inn i norsk skrivebok så fint du kan.

Matte: Gjer oppgåvearket som ligg på Showbie. Skriv i skriveboka di. Ta bilete av det du har gjort og legg inn på Showbie.

Til fredag 7C Engelsk: : Gjer worksheet- Some or any and verbsheet.

Øv på verba:

To choose - chose - chosen. To buy - bought - bought. To catch - caught – caught

Vekas ord:

- Afternoon tea
- am og pm

Til heimen:

- **Engelskdag:** På tysdag skal 6. og 7. trinn ha ein heilengelskdag på D-bygget! Kjekt om elevane har på seg «uniform» med svart/mørk underdel og kvit/lys overdel – gjerne skjorte. Gutane kan ha slips om dei vil. Det vil bli diverse aktiviteter gjennom dagen som for eksempel café inspirert av afternoon tea, engelsk skodespel og Mr. Bean på skjerm i lunsjen. Me snakkar sjølvsagt kun engelsk heile dagen.
- **Studiehalvtime i starten av veka:** Her får elevane moglegheit til å gjera lekser på skulen i ein halvtime. Dette for å nærme oss litt slik dei gjer det på ungdomsskulen. Elevane får derfor litt meir lekse enn dei er vane med, men dei kan altså gjer mykje av det på skulen dersom dei er effektive. Lurt å spør etter kor mykje eleven fekk gjort på skulen av lekse.
- Me kjem til å ha «**Vekas ord**» frå tid til annan på vekeplanen. Det er *nøkkelord* som er viktige for forståinga av det me skal læra den aktuelle veka. Me kjem til å diskutera betydninga av orda på skulen, men det er også noko de kan snakka om og diskutera heime.
- **K&H:** I vekene før jul skal me starte med strikking i K&H. Er det nokre vaksne som kan hjelpe elevane her på skulen? Det kan vere foreldre, besteforeldre eller andre som kan strikke. Tidspunkt er torsdagar frå 8.15-9.45.
- **Kulturskuleprosjekt:** 20. November vert det konsert og show på Bryne skule. Elevane har no øvd kvar torsdag på trommer og ukulele, og vil vise fram til de foreldre kva dei har lært.